



Arbeidsprogram 2024

Våre mål og prioriterte saker

Hovudmål:

1. Få gjennomslag for dei prioriterte sakene våre
2. Nå vervemål på 5000 medlemmar i Hordaland
3. Styrka fylkeslaget gjennom rekruttering av frivillige, etablere nye lokallag og trygge arbeidsplassane


For å få viktige natur-, klima- og miljøsaker på dagsordenen, vil Naturvernforbundet Hordaland (NVH) jobba etter følgande hovudstrategiar:

- Setta dagsorden i offentleg debatt, delta aktivt i relevante ordskifte samt driva informasjonsarbeid.
- Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.
- Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.

I 2024 vil me særskilt jobba for at:

BEVARING AV NATUR

- Legga fram forslag til vern av nye naturområde i tråd med Montreal-avtalen
- Eit fleirtal av kommunane i Hordaland vedtek arealnøytralitet eller arealpositivitet som styringsmål og utarbeidar kommuneplanar og strategiar for natur og klima
- Restaurering av særskilt viktige naturtypar som myr og kystlynghei vert auka
- Utbyggingsplanar som føresett øydelegging av store og/eller viktige naturområder, som Hordfast, Eidfjord Resort, Kildn, Norsk vind i Stølsheimen, og Øksnesmarka vert skrinlagt
- Utbygging av skogsbilvegar i Hordaland vert sterkt redusert, og det blir slått ned på ulovleg naturøydelegging knytt til utbygging av skogsbilvegar



- Det vert meir frivillig skogvern i vår del av Vestland
- Det vert innført krav om lukka anlegg i oppdrettsnæringa og redusert volum i opne anlegg
- Vassdraga våre vert tekne vare på, og at fleire vassdrag blir vurdert verna

INDUSTRI, KRAFT OG SAMFERDSEL

- Utbyggingsprosjekt som bidrar til redusert klimaavtrykk, som bybane til Åsane og utbetra togtrasé Bergen-Voss, blir realisert raskast råd. Naturvernforbundet Hordaland går imot motorveg Arna – Trengereid.
- Elektrifisering av sokkelen med kraft frå land vert skrinlagd
- Industrien i Hordaland gjennomfører grøn omstilling med vekt på redusert karbonavtrykk, låg energibruk og nyttiggjering av spillvarme. Dei store punktutsleppa (BIR Rådalen, Mongstad m.fl.) blir stilt krav om plan for nedtrapping av utslepp.
- Nytt transmisjonsnett for kraft i hovudsak fylgjer eksisterande trasear eller blir lagt i sjø eller jord
- Offentlige tilskudsordninger til etterisolering, varmepumper og bergvarme, og mikroproduksjon av strøm fra sol økes

ORGANISASJONSUTVIKLING

- Det blir auka kontakt mellom fylkeslaget og (særleg dei nye) medlemmene, m.a. med minst to medlemsmøter i løpet av året
 - Fleire engasjerer seg som frivillige i Naturvernforbundet
- Lokallaga får oppfølging og hjelp av fylkeslaget etter behov

Gjennom ulike prosjekt vil vi også fortsette med å formidle praktisk kunnskap og erfaring om korleis ein førebygger naturskade og negativ klimapåverknad, og korleis ein best bevarer og restaurerer natur.

